




→ Historier frå Palestina

Toleranse har særprega Betlehem og skal óg gjennomsyre det nye museet i byen. TEKST: HARALD SKEIE



Palestinarar ventar ved kontrollpost i Betlehem.

Foto: Oleg Popov/Scanpix

Meininga var å byggje eit arkeologisk museum. Men då Erling Dahl jr. kom ned til Betlehem i 2006, blei han møtt av ein betutta palestinsk tenestemann. – Nei, alle dei lause arkeologiske gjenstandane er borte, nokon har dessverre stole dei. Det er vanskeleg å lage eit arkeolo-

gisk museum utan gjenstandar, men Dahl jr. ga ikkje opp. Han sette seg ned same kvelden på hotellrommet og prøvde å kome på alternative idear. Dagen etter skulle han presentere forslaget for ordføraren. Ordføraren, ein 72 år gamal barnelege og Hamas-medlem vende tommelen opp, det same gjorde dei andre på møtet. Dahl jr. blei redninga for museet, og fekk setje i gang forprosjektet. Men no hadde museet endra totalt karakter. Frå eit gjenstandsbasert arkeologisk museum til eit museum basert på immateriell kulturarv.

EIN TOLERANT BY

Dahl jr. er tydeleg entusiastisk på vegne av det nye museet som etter kvart har utkrystallisert seg. *Palestinien Riwaya Museum, Bethlehem* blir namnet. Det kan bety både «historier om Palestina» og «historier frå Palestina». Og det er den andelege historia til Betlehem som blir sentral i museet. Mellom anna blir dei ulike religiøse retningane vigd stor plass. I løpet av tida i byen hadde Dahl jr. blitt inspirert av toleransen som innbyggjarane viser mot kvarandre. Den er ganske unik og ulik mykje av det ein finn elles i området. Folk i byen har levd side om side, uaffisert av religiøs og anna tilhøyrighet. Til dømes feirar dei kristne ramadan og muslimane påske, i respekt for dei andre – Eg var sjølv på besøk hjå ein kristen familie, der fekk vi berre vatn til sola var gått ned.

Dahl jr. har alltid vore oppteken av at toleranse ikkje må vere som farisearane si toleranse. – Dei fann seg i at dei andre var der, men dei lot seg ikkje påverke. Dette er på sett og vis den norske fortolkinga av toleranse og. Dei andre kan drive med det dei vil, så lenge dei held seg for seg sjølv. Ein er ikkje tolerant før ein kjem den andre i møte. Slik er det i Betlehem.

Dermed var det naturleg at det nye fokuset for museet blei toleranse og Betlehems andelege historie. Museet skal promotere humanisme og hjelpe til med å bryte ned grensene mellom folk. Samstundes skal museet vere med på å bygge opp under identiteten til innbyggjarane. Betlehem har lang historie som ein stad for vandrarar. Også før kristendomen



Amerikanske og palestinske tryggleiksoffiserar står vakt på Fødselskyrkja i Betlehem. Foto: Nasser Shiyoukhi Scanpix

og pilegrimsvandringane, var området fullt av menneske på reise. Som kjent fekk jo nokon ein stall å sove i når det var fullt på herberget. Byen var knutepunkt for handelsmenn og folk blei tekne vennleg imot.

DANS OG FORTELJING

Utstillinga skal gjerast med kunstnariske verke- midlar. – Det er viktig for meg at museet ikkje berre blir tørr informasjon, men at det også har eit opplevingsaspekt ved seg, seier Dahl jr. Det må vere eit kunstnarisk uttrykk i botn. Det blir satsa mykje på audiovisuelle hjelpe- midlar i museumsformidlinga. Ein italiensk arkitekt er leigd inn for å designe utstillinga. Film og lydopptak, musikk og forteljingar kjem til å stå sentralt. Hikaye eller bryllaups-

forteljingar blir det fleire av. – Det er stort sett ein jenteting, fortel Dahl jr. Eldre kvinner fortel historiene til barne- og oldebarna sine. – Det er fascinerande å sjå samspelet mellom gene- rasjonane. Forteljingane er eldgamle, men dei har sjølvsagt endra seg opp gjennom tida.

Mens kvinnene fortel, dansar mennene. Når ein byrjar å spele tar det ikkje lang tid før dei er på beina og dansar, ofte ringdans. Men ein må vere over ein viss alder. – Rævedilta- rane blir effektivt sparka ut viss dei prøver å kome seg inn i ringen, ler Dahl jr.

PALESTINA – EI STERK OPPLEVING

FN-bilar fraktar Dahl jr. rundt om i Palestina, gjennom utallige kontrollpostar. For å kome seg inn i Betlehem må ein slusast gjennom

kontrollposten i hovudporten. Etter kvart som ein køyrer senkar piggane i vegen seg. Så er det passkontrollen der 10-15 tenårings nedlessa i våpen står og ventar på deg. – Mange av dei er hyggelege, men det er sjølvsagt nokre som berre er desillusjonerte og leie av å vere tre år i militæret, og oppfører seg deretter. Men denne posten er ingenting mot alle dei andre som er inne i Palestina. – Dei kan til og med dele eigeidomen i to, slik at ein kvar dag må vise fram dokument for å gå frå ein del av eigeidomen sin til den andre. Og dei finn stadig på nye ting som ein manglar, slik at det ikkje skal vere lett. For på reise frå Ramallah til Betlehem, som berre er 16 kilometer, må palestinarane reise ein lang omveg ut i ørkenen.

– Det er ikkje tryggleiksomsyn som gjer at ein opererer med alle kontrollpostane. Det er først og fremst Israel sitt ønske om å bryte ned og fornedre palestinarane som er årsaka, meiner Dahl jr. – Eg har gode jødiske vener, og til liks med dei har eg ingen sans for israelsk politikk. På mange måtar er politikken paradoksal. Det er eit spegelbilde av kva jødane blei utsette for under nazismen, nemleg segregering og utrydding. Det som skjedde då Israel blei oppretta i 1948 er nok ei av dei største unnlatingssynder Vesten har gjort, seier han. – Ein opna opp for ein israelsk stat utan nokon omtanke for dei som hadde budd der i hundrevis av år. Dei blei berre stua bort i leirar og miste alt dei eigde.

– Eg er i utgangspunktet ein utålmodig mann, seier han, men her har eg vore nøydd å til å lære meg å vere tålmodig. Det heng saman med usikkerheita folk her har, meiner han. – Alle utviklar ei vegring mot å ta avgjerder. Å ta ei avgjerd er alvorleg og betyr ending. Så lenge ein diskuterer er ein trygg.

I utgangspunktet hadde Dahl jr. ei von om at museet kunne opne i 2008. Dette har vist seg å vere urealistisk, og han har etter kvart funne seg i at ei opning i 2009 nok er meir sannsynleg.



Eit viktig prosjekt

Museet skal ligge i det palestinske fredssenteret, ved sida av Fødselskyrkja i gamlebyen i Betlehem. Fredssenteret blei bygd i 2000 med svenske pengar. Etter kvart som ein gravde seg nedover gjorde ein fleire arkeologiske funn, mellom anna frå eit kloster, og det blei bestemt at ein skulle lage eit arkeologisk museum i dei nederste etasjane i bygget. Noreg blei kontakta og spurd om å vere med i eit forprosjekt for museet. ABM-utvikling som er rådgjevar i museumsspørsmål for alle departementa, blei involvert, og leigde inn Erling Dahl jr. som prosjektleiar. Han er programsjef for Festspela i Bergen, men har og lang erfaring frå museumssektoren, sist som direktør på Edvard Grieg Museum, Troidhaugen.

– Dette er eit viktig prosjekt, seier avdelingsdirektør i ABM-utvikling, Randi Ertesvåg. Ho leier avdeling for museumsutvikling og har følgd prosjektet frå starten. – Vi er med for å støtte Erling Dahl jr., vere ei slags ryggrad for han i møta med palestinske styresmakter og UNESCO. Dette er døme på eit internasjonalt arbeid som er viktig for oss. Ho var heller ikkje upåverka av opplevingane i Palestina. – Det er sterkt å vere i Palestina og sjå korleis den Israelske staten prøver å trykke det palestinske folket ned, korleis dei prøver å gjere dei så små som mogleg med alle hindringane dei må gjennom. Ein blir ikkje akkurat Israel-ven av å vere i Palestina, slår ho fast.